

Referat for leiarsamling i Hordaland Sau og Geit Thon Hotel Sandven 16-17. oktober

Velkomst ved leiar i Hordaland Sau og Geit Nils Inge Hitland

Styreleiar Nils Inge Hitland ønskte alle lokallag og gjester velkomne til samlinga.

Han var innom mange saker som:

- Småfenæringa er ein berekraftig produksjon
- Rov vilt, nok et varsel i haust, rovdyra ikkje er langt frå. Ca 150 lam tatt av Jerv i Røldal. Eige innlegg frå Statens Naturoppsyn v/Rein Arne Golf. Kan Hordaland lære av det arbeidet som er gjort i Sogn og Fjordane i forhold til uttak av rov vilt?
- Saueprosjektet Ny Giv er på god vei.. Er med og heva kompetansen .. alle er med. I beskrivelsen til Ny Giv er det ti punkter som er med, ni av desse har ein vert innom så langt. Målet er sterkt faglege sauebønder og enda betre lokallag!
- Kåringa 2015. Her er Askøy eit bevis på at ein får det til. Mange lokallag samarbeider og har flotte kåringsdagar!
- Pressa har vert aktive på kåringane rundt om i fylket. Alle artiklane som omtalar sau/lam er lagt ut med link på heimesida.
- Kvaliteten på lamma så langt i haust slår alle rekordar. Ikkje berre på Hardangervidda er det fine lam, men alle plasser!

Opprop:

Alle lokallag møtte, unntatt Etne, Fitjar, Granvin, Sveio og Tysnes som ikkje møtte. I tillegg alle utval, styret, ring 155 Kvammaringen, Ring 158 Hardanger Veraring, NSG, Hordaland Bondelag og Hordaland Bonde- og Småbrukarlag

Nytt frå Norsk Sau og Geit v/nestleiar Ove Holmås

Ove Holmås var innom mange aktuelle saker som er på dagsorden i NSG:

- **Rovdyr:** NSG brukar mykje tid på rovdyra. Akershus har store tap grunna ulv. Agder fylka er flinke til og ta ut ulv når dei får fellingstillatelse. I Nordland er det store problem med dei fleste rovdyra. Ein vanskeleg situasjon for næringa! Også Opland har sine utfordringar. Sogn & Fjordane er flinke til og ta ut rovdyr

når dei får fellingstillatelse. Tap i Rødal på ca. 150 lam av Jerv! Denne må ikkje få etablere seg i Hordaland. Jaktlag må på plass slik at dei kan rykke ut på kort varsel. Ørna begynner og å bli eit problem i Hordaland. Vanskeleg og dokumentera.

- **Fotråte:** 5 nye tilfelle av fotråte –ikkje bra –smitte frå kyr?
- **Ulltilskot:** Ei gruppa er i gang og ser på dagens ordning. Ting tyder på at tilskot på ull frå hale/buk/lår ikkje lenger skal vera tilskotsberettiga. Også er ein på ei forenkling på alle klassar. Dette kommer ut på høyring og då er det viktig at alle svara på innstillinga.
- **Jordbruksforhandlingane 2015:** Ove beklaga det som skjedde i forhandlingane 2015 om slaktetilskote på lam. Han sa at det er viktig at ein kjenner godt til kva som vil skje når ein legger om. Sjølv om næringa yngste ei omlegging såg ein ikkje for seg at dette skulle bli resultatet. Det er og viktig for småfenæringa og ha personar sentralt som t. d. i Bondelag/Bonde- og Småbrukarlaget.
- **Marknadsordninga for kjøtt:** Denne ordninga er og ute på høyring. NSG går for og behalda dagens ordning.
- **NSG sentralt:** NSG har det siste året brukt tid på strategi –har liten administrasjon – er underbemanna i forhold til arbeidsmengde. Økonomien er stram og ein må sjå på korleis ein kan auke inntektene i NSG. Dagens ordning på medlemskontingenten er den fordelt rett?
- **Avl:** NSG får fortsatt pengar frå Staten, men satsen har stått stilt dei siste åra.. Dette går utover arbeidet i ringane. Spørsmål en stiller er: Skal ein redusera granskinga? Dette kan gå sterkt utover Hordaland. Er bekymra for dette!
- **Gjetarhund:** NSG har 3 dyreslag dei har ansvaret for: sau, geit og gjetarhund. Gjetarhundarbeidet i NSG er svært bra og det same kan ein sei om det arbeidet som blir utført i Hordaland.
- **Geita:** Det er beklageleg at ein høyrer så lite frå geitemiljøet. Her har alle ein jobb og gjer slik at dei er med i styre og stell.
- **Året's lammesong:** Berre ein ting og sei: "Kjempebra"! Nærma oss markedsbalanse og då må ein og auka salet!

Norsk lammekjøtt - topp kvalitet. Vår mest bærekraftige kjøttproduksjon? v/Øystein Holand professor ved NMBU

Øystein Holand professor ved NMBU heldt eit innlegg utmarksressursar og kjøttproduksjon.

Sjå HSG heimeside: <http://www.nsg.no/hordaland/>

Nemndene sin time:

- **Valnemnda:** Steinar Steine leiar i valnemnda orienterte om arbeidet som står føre. Han kontaktar regionane for å få til eit godt arbeid utover vinteren, slik at arbeidet er ferdig i god tid før årsmøte.
- **Gjetarhundnemnda:** Leiar i nemnda Audun Seilen orienterte frå arbeidet som blir gjort i nemnda. Han nemnde spesielt dei unge som stiller i næring, ja heilt ned i 5 års alderen! Dette er moro og sjå! Les innlegget på heimesida: <http://www.nsg.no/hordaland/>

- **Avlsutvalet, oppsummering etter kåringa:** Leiar i Utvalet Tore Atle Sørheim gjekk gjennom kåringa 2015. I alt 13 kåringsssjå i perioden 22- september til 4. oktober. I august var det felleskurs for dommarane i Hordaland og Rogaland. Takk til HSG som løyvde pengar til kurset. Nytt dette året er at det blir kravd kåringsavgift for stille lam. Fokus på smitte i forbindelse med kåring er god, må vara høgt prioritert. I 2014 var det kåra 1189 lam og i 2015 1246 lam.
- **Beiteutvalet:** Leiar i beiteutvalet Jarle Helland orienterte frå arbeidet i nemnda. Der er registrert 57 beitelag i Hordaland. Det er søkt om støtte frå beitelaga på 3,8 mill. kr. Ca. kr. 600.000.- hadde utvalet til fordeling 2015. Dette blir fordelt på bruer, sankehegner, radiobjøller, sperregjerder og sankebuer. Skulle ønsket at midlane hadde vert større. Er det sperregjerder ein søker på, undersøk først om det er pengar og henta på "smil midlar" i kommunen. Pengar som er løvd og ikkje brukt blir trekt tilbake. Utvalet ser på om søknadsfristen kan trekkast litt fram i tid for og få meir tid til behandling.

Lokallaga sine timar:

- **Askøy:** Takk for alle gode tilbakemeldingar angående kåringsdagen/marknad. Denne dagen har ein arbeidt med i eit år! Lokallaget har oppnemnd resursgrupper som arbeider med førebuinga. Viktig å ha gode personar som kan formulera søknader om støtte og ikkje minst rett person. Lokallaget har og fått laga ein genser med vår logo som er sponsa av næringslivet lokalt. Dette er gøy avsluttar ein stolt Magnar Stien!
- **Bømlo:** Måndagstreff i vinterhalvåret. Fast måndag kvar måne med tema som varierer. Oppmøte frå 10 – 50 personar. Svært populært!
- **Indre Hardanger:** Hadde planlagt tur til Staur, men grunna liten påmelding vert den avlyst. Prøver og få til tur i 2016.
- **Kvinnherad:** Driv i det jamna, har og faste møtekveldar i vinterhalvåret. Skal ha seminkurs, har fokus på avl / Sauekontrollen har og organisert vaksine "toksoplasmose".
- **Lindås/Meland:** På det jamna, har stort utbytte av alle møte i regi av Ny Giv som blir lagt til Knarvik. Planlegger fagdag ull hos Hillesvåg Ullvarefabrikk.
- **Masfjorden:** Har fått organisert beitebruken slik at fleire kan søke om tilskot. Sauelaget betalar kåringsavgifta for medlemmene. Takk til avlsutvalet for godt opplegg med Gulen! Sponsar skular med lammeslakt. Har store tap grunna ørn, vanskeleg og dokumentera.
- **Mauranger:** Høg alder på medlemmene men godt miljø! Nye medlemmer får gratis medlemskap fyrste året. Har "fårikål dag" i Ola løo.
- **Osterøy:** har delt opp laget i nemnder slik at fleire er delaktige i lokallagsarbeidet. Arbeider med klippekveld, gjetarhund og kåring
- **Radøy:** Kan HSG få meir og raskare info ut på heimesida?
- **Samnanger:** Arbeider med og få til fellesfjøs for felles levering til slakt.
- **Sotra:** Lite aktivitet, kunne vert betre. Litt vanskeleg og få medlemmene med. Hadde open gard i lag med Fjell.
- **Stord:** Alt ok, her alle medlemmer.....
- **Ulvik:** Lagsarbeidet er OK! Det er mange som bygger nytt til sauen i kommunen. Samarbeider med nabolag om større møter. Dette er vellykka!

- **Vaksdal:** Har og tett samarbeid med nabolaga og samarbeider med Voss om kåringa.
- **Voss:** Samarbeider med andre lag om kåring og større møter.
- **Vossestrand:** Dette gjelder også oss! Prøver og vara flinke til og sende ut info til medlemmene når det er endringar på blant anna søknadar.

Jerven tok 150 lam i Røldal. Korleis førebur vi oss til neste års beitesesong? v/beiteutvalet v/Rein Arne Golf - frå Statens Naturforvaltning

Rein Arne Golf orienterte om situasjonen i Hordaland. Han snakka og om dette med å dokumentera skaden, slik at ein lett med sikkerhet kan sei kven skaden er utført av. Han var og innom jakttider og uttak av skadedyr. Sjå innlegget på heimesida: <http://www.nsg.no/hordaland/>

Ny Giv, status og vegen vidare v/Reidar Kallestad:

- Ny Giv skulle avsluttast i 2015 men er forlenga til ut 2016.
- Har økonomi til og fortsetja ut 2016
- Kva gjer me vidare:
- Byggfagdag Etne 24. oktober
- Planlegger møte med lokallaga og nemndene i HSG, 6. februar i Norheimsund (dagkurs) med fokus på organisasjonslære)
- Fullføring av møteserien med underprosjekta 3 til 4 møter att til hausten 2016.

Gjester:

- Hordaland Bonde- og Småbrukarlag v/Jarle Helland. Helland takka for invitasjonen og sa blant anna at samhald for og nå felles mål er viktige, HSG gjer ein stor jobb gjennom Ny Giv. Han ønskte HSG lykke til i arbeidet vidare.
- Hordaland Bondelag v/Lars Petter Taule takkar for invitasjonen og var innom jordbruksforhandlingane 2015. Han refererte til det Ove Holmås og understreka på kor viktig at faglaga er representerte av alle produksjonar. Nå er tida inne for og arbeid for nesteårs årsmøter. Han avslutta med og understreka kor viktig der er med godt samhald for og nå felles ting. Han ønskte HSG lykke til med arbeidet vidare.

Nils Inge Hitland takka alle for ei god samling!

Karluf Håkull
Sek.